

BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato	02.11.2023
Vår referanse	2022/20886-52
Dykkar referanse	2022/56526-129
Sakshandsamar	Sigrid Næsheim Bjercke
E-post	Sigrid.Nesheim.Bjercke@vlfk.no
Telefon	96221084

Trekking av motsegn til - områderegulering for Fyllingsdalen - sentrale deler - planID 63830000 - Bergen kommune

Vi viser til dykkar brev dagsett 05.07.2023 der de ber om at Vestland fylkeskommune kan trekke si motsegn til Områdereguleringsplan for Fyllingsdalen sentrale deler.

Bakgrunn

Bergen kommune la områderegulering for Fyllingsdalen sentrale deler, på høyring våren 2022. Vestland fylkeskommune stilte seg bak hovudmåla i planarbeidet i fråsegn dagsett 10.06.2022 og hadde motsegn til planforslaget på bakgrunn av manglande tekniske planar som sannsynleggjer at sykkelanlegga kan byggjast som vist i planen. Motsegna var av teknisk og planfagleg karakter og handsama administrativt ved Avdeling for Infrastruktur og veg, i samsvar med delegeringsreglementet.

Justert planforslag vart sendt på avgrensa høyring 22.12.2022. Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, oppretthaldt motsegn til områdeplanen med dei endringane som var på høyring, framleis på bakgrunn av mangelfulle tekniske planar og avsett plass til etablering av gang- og sykkelanlegga.

I etterkant av dette vart planforslaget endra og fylkeskommunen vart bedt om å trekkje motsegn i brev dagsett 26.04.2023. I det reviderte planforslaget var sykkelløysing langs fylkesveg skilt ut og avsett til generelt samferdselsformål med krav om detaljregulering. Det var og sett av areal til midlertidig byggje- og anleggsformål. Vestland fylkeskommune vurderte at endringane ikkje var i samsvar med intensjonane i planprogrammet og hadde verknader for fylkeskommunen sin ressursbruk, framdrift og økonomi knytt til gjennomføring av sykkelanlegg langs fylkesveg.

Konsekvensutgreiinga som vart utarbeida i samband med revidert planforslag, synte at gjennomføring av planlagt sykkelanlegg vil ha negativ verknad for omgjevnadene. Arealet som var sett av til samferdselsformål var for snevert til å sikre kvalitet knytt til gatetre, overvasshandtering og rigg og anlegg for gjennomføring. Det var opna for å vurdere alternative løysingar der det var behov, men areal til dette var ikkje sikra. Med dette vart premiss for Vestland fylkeskommune sine interesser og sektoransvar endra. Motsegna til planforslaget var ikkje lenger berre av teknisk karakter og spørsmålet om å trekke motsegn vart difor løfta politisk.

Gjennom dialog vart det semje mellom Vestland fylkeskommune og Bergen kommune på politisk nivå om at motsegn skulle trekkjast. Då fylkesutvalet handsama saka i møtet 07.06.2023, vedtok dei :

*3. Vestland fylkeskommune vil trekke motsegn mot områdereguleringsplan for Fyllingsdalen under føresetnad av at Bergen kommune vedtek følgjande setningar:
Bergen kommune forpliktar seg til å arbeide saman med Vestland fylkeskommune om detaljregulering for å finne ei god heilskapleg sykkelløysing i Fyllingsdalen. Dette betyr at ein også må vurdere alternative sykkeltrasear der konfliktane er store.*

I Bergen bystyre 21.06.2023 vart det gjort følgjande vedtak :

5. Bergen kommune forplikter seg til å arbeide sammen med Vestland fylkeskommune om detaljregulering for å finne ei god helhetlig sykkelløsning i Fyllingsdalen. Dette betyr at en også må vurdere alternative sykkeltraseer der konfliktene er store.

Trekking av motsegn

Gjennom byvekstavtalen har vi forplikta oss til å samarbeide om å oppnå 0-vekstmålet. Vestland fylkeskommunen deler dei overordna måla som er fastlagt i planprogrammet for områderegulering for Fyllingsdalen - sentrale deler, og legg særleg vekt på mål om å ta vare på og vidareutvikle Fyllingsdalen sin karakter som den grønne dalen, samtidig som det vert lagt til rette for fortetting, auke i kollektivbruk, ferdsel for mjuke trafikantar og eit trygt og attraktivt tilbod for transportsyklisten.

Planprosessen har vist at det er utfordringar knytt til tilrettelegging for sykling langs fylkesvegnettet og at det interne vegnettet som er kommunalt og privat eigd spelar ei minst like viktig rolle i eit godt og heilskapleg sykkelnett. Vidare detaljregulering må bygge på ei heilskapleg vurdering av løysingar for å gjere det attraktivt å gå og sykle i Fyllingsdalen.

Vestland fylkeskommune viser til vedtak i Bergen bystyret 21.06.2023, og trekkjer motsegn til områdereguleringsplan for Fyllingsdalen sentrale deler.

Vi legg til grunn at Bergen kommune tek initiativ til utgreiing av alternative sykkeltrasear som grunnlag for vidare arbeid med eventuell detaljregulering og etablering av eit heilskapleg sykkelnett i Fyllingsdalen. Alternativa må bygge på grunnlagsdokumenta for områdeplanen utarbeida som del av planarbeidet, Sykkelstrategi for Bergen og sykkelpotensialemodellen .

Vestland fylkeskommunen ser fram til eit godt samarbeid for å oppnå felles mål om å få vesentleg fleire til å sykle i Fyllingsdalen og auke nytten av sykkel tunnelen gjennom Løvstakken.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef
NPI - Plan, klima og analyse

Eva Katrine Taule
fagleiar kommunal plan
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskrivne underskrift

Sakshandsamarar:

NPI – næring, plan og innovasjon – Sigrid Næsheim Bjercke

INV – infrastruktur og veg – Guro Steine